

Småjentelaget til Rosendal/Uskedal har hatt ein god start på sesongen. Tysdag kveld var igjen kamp på heimebane i Rosendal. Før kampen var jentene naturleg nok spente. Dei møtte nemleg eit Odda-lag som ikkje hadde tapt tidlegare i sesongen



Anette Sandnes rettar på veskeballansen Foto:Ida Røssland

Lagleiar Svein Ove Bråtun fortel at det var 4 uskedalsjenter som spela kampen, Monika H. Kårstad, Silje Bråtun, Margareth Sæle og Anette Sandnes. Han kan melda om ein jamn og god kamp der alle gjorde ein fin innsats, og det vart vist mykje fint spel. Han fortel at det var ein god del sjansar til begge lag. Likevel stod det 0-0 ved pause.

Utover i 2. omgang var og kampbildet jamnt, men det var heimelaget som fekk den viktige scoringa, og dermed kunne dei notera ein ny siger i protokollen. Det var Tonje Skåla som sette inn målet etter eit fint gjennomspel av den yngre søstera Helene. Dei to har og Uskedalsblod i årane med mormor frå Sunde-slekta i Uskedalen.

Lagleiaren er svært fornøgd med det laget hans har prestert i innleiinga av sesongen. Dei står no med tre singlar, ein uavgjort og eit tap etter 5 seriekampar. Han fortel og at neste kamp truleg vert spela på Heio på komande tysdag. Då er Trott 2 motstandar, og vi håpar at jentene får den store heiagjengen dei fortener.